



Flott presentasjon av Daniel Roman og familien frå Romania i Kvinnheringen. Kvar mandag kjem ein ny interessann presentasjon.

Denne vinteren har Kvinnheringen ein svært interessann serie. Under tittelen *Det internasjonale Kvinnherad* presenterer dei kvar mandag innflyttarar frå stadig nye land. Serien er blitt svært godt motteken av lesarane, og den viser mangfaldet i kommunen på ein flott måte. Fleire uskedelinger med opphav i andre land har tidlegare blitt presentert, og i dag er turen komen til Daniel Roman frå Romania som bur på Sanden.

Den smilande og trivlege rumenaren fortel i portrettet i Kvinnheringen om eit vanskeleg liv i trange kår i heimlandet Romania før han endeleg flykta til Tyskland. Livet der var også tøft, og dermed bar ferda vidare til Norge og Stavanger. Då kom vendepunktet!

Daniel fortel at han mange gonger hadde bedt om at han måtte treffa ein engel som kunne skaffa han ein jobb. Ein dag trefte han på denne engelen i Stavanger. Det var den utflytta uskedelingen Rune Nilsen. Deretter var vegen kort til Uskedalen der Daniel trefte fleire englar. Ei av dei var Hjørdis, mor til Rune. Møte med familien Nilsen vart eit vendepunkt i livet til Daniel Roman og familien hans. Det er ikkje utan grunn at uttalen hans 'Eg elsker Noreg' er overskrift på portrettet, og t-skjorta han har på biletet på framsida av avisa er eit stort norsk flagg!

No har Daniel for lengst fått kona og sonen på eit halvt år til Sanden. Og ikkje nok med det; - baby nummer to er på veg. Dessutan har kusina til Daniel med mann og 2 born flytta til bygda. Dei er no godt installert i leilighet på Brekketoppen. Dette er eit tydeleg prov på at Daniel og andre av våre nye landsmenn er svært så delaktige i den positive folketalsutviklinga som vi har sett i bygda siste åra.



Daniel Roman spela munnspele på konsert på Stemneplassen, juni 2014. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tidlegare har Gianni som kom frå Italia til Halsane for mange år sidan, og Muhammed, frå Somalia, som bur på Steinsletto og jobbar ved Bringedalsbygda skule og Herøysund kompetansesenter, blitt presentert i Kvinnheringen sin serie. I tillegg til desse tre landa har vi fått innbyggjarar frå Polen, Litauen, Ukraina, Brasil, Chile, Tyskland, Thailand, Fillepinene, Sverige og Danmark, ja, heilt sikkert fleire....

Både i Beinavikjo, begge Korsnes-felta, Ospelunden, Brekketoppen og Halsane er det døme på ein del av våre nye landsmenn som har kjøpt seg hus. Fleire er på jakt etter hus, og nokre har dessverre flytta til nabobygder for å få husdraumen oppfylt.

Som Daniel Roman vil dei slå seg til her. Dei ønskjer å bidra, og dei ønskjer å jobba for eit godt liv i Uskedalen. Dei er ein viktig ressurs for bygda vår!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland